

Vedtekter for fond forskotering av spelemidler i Vindafjord kommune

§ 1 Bakgrunn

Fondet blei oppretta i 2016 ved at Vindafjord kommune og Vindafjord Arbeidsgjevarforum AS (VAF) gjekk inn med kr 10 000 000 kvar, til saman kr 20 000 000, som er fondet sin grunnkapital.

Andre aktørar står fritt til å tilføre midlar til fondet.

Fondet skal vere eit bunde driftsfond i sin balanse.

§ 2 Formål

Fondet sitt formål er å bidra til enklare realisering av anlegg i Vindafjord kommune som kvalifiserer til spelemiddel gjennom å forskottere spelemidler fram til utbetaling.

§ 3 Vilkår for forskotering av spelemidler

- Ordninga gjeld for alle typar anlegg i Vindafjord kommune som kan få spelemidler etter dei til ei kvar tid gjeldande sentrale retningslinjer. Alle søknader om spelemidler som er godkjente av Rogaland Fylkeskommune, vil ha rett til forskotering av spelemidler under føresetnad av at det er ledige midlar på fondet.
- Anlegget må vere inkludert i handlingsdelen til kommunedelplanen for kultur, idrett og fysisk aktivitet.
- Forskoteringsordninga er søknadspliktig. Det kan søkjast heile året på eige søknadsskjema.
- Utbetaling av forskot vil finne stad når anlegget er ferdigstilt, godkjent av kommunen og det er levert revisorgodkjent rekneskap.
- Ved utbetaling av eit forskot på spelemidler, skal det utstedast eit gjeldsdokument som sikkerheit for forskoteringa.
- Mottakar av forskoteringa og eigar av anlegget har ansvar for at spelemiddelsøknaden vert oppretthalde ved årleg rullering, inntil endeleg tildeling er på plass.

§ 4 Administrasjon av fondet

Fondet skal administrerast av Vindafjord kommune i tråd med fylgjande vilkår:

- Søknadar behandlast og midlane betalast ut av fondet i tråd med vilkåra i § 3.
- Innfridde midlar vert tilbakeført til fondet.

- Midlane på fondet forvaltast innafor kommunen sitt reglement for finansforvaltning. Ved forvaltning av fondsmidlane skal det leggjast vekt på låg finansiell risiko og høg likviditet.
- Renter på ubrukte midlar skal kvart år setjast av på fondet. Eventuell avkastning på fondet skal først gått til dekking av eventuelle tap og resten går til inflasjonsjustering av fondet.
- Rekneskapsføring av fondet vert gjort i kommunen sin ordinære rekneskap i samsvar med gjeldande lov og forskrifter. Det skal i tillegg utarbeidast ei økonomisk oppstilling som viser inn- og utbetalningar på fondet og månadleg likviditetsstatus som grunnlag for kapitalavkastning for fondet.
- Ei oversikt over bruk av fondet sendast til VAF og leggjast fram for det politiske utvalet som har ansvar for kultur og idrett ein gang årleg, seinast innan utgangen av april påfølgjande år.

§ 5 Disposisjonsmynde

Disposisjonsmynden til forskotering av spelemidlar er lagt til kommunedirektøren i Vindafjord kommune. Kommunedirektøren kan delegere retten vidare i kommunen.

§ 6 Endringar

Vindafjord kommunestyre kan vedta mindre praktiske endringar så lenge dei ikkje går på tvers med intensjonen med fondet. VAF skal godkjenne prinsipielle endringar.

Ved avvikling av VAF vil Medvind24 Næringshage overta VAF si rolle.

Viss ordninga med spelemidlar vert avslutta eller ein av partane gjere vedtak om avvikling av fondet skal VAF sin del i fondet fordelast på idrettslaga i Vindafjord kommune basert på medlemstal.

Ved ei ein eventuell framtidig kommunesamanslåing kan disposisjonsretten overførast kommunedirektøren i den nye kommunen. Midlane skal då disponerast til tiltak innan dei geografiske kommunegrensene for Vindafjord kommunen før ei samanslåing.